

STV Evalueringsskjema

Emnekode: STV1501

Emnetittel: EU som politisk system

Språk:  Norsk  Engelsk

**Eigenevaluering emne-ansvarleg:**

Dette er et godt innkjørt emne som eg har hatt ansvaret for sidan 2016. Kjernen i kurset er som kurstittelen seier ei innføring i EU som politisk system, med hovudvekt på institusjonar og politikkområde. I tillegg er det eigne forelesningar om europeisk identitet, partisystemet på europeisk nivå, utvidingsprosessane og forholdet mellom Noreg og EU, med hovudvekt på EØS. Kurset hadde frå 2016 ei forelesing om folkeavstemmingar i Norden (B. Aardal). Denne vart i 2021 erstatta med ei eiga forelesning om Brexit (Ø. Bratberg). Bortsett frå sistnemnte endring har hovudstrukturen i kurset vore den same.

Pensum består av to lærebøker: Olsen et al dekkjer institusjonane og McCormick politikkområde. Begge er nyleg oppdatert. I tillegg består pensum av forskingsartiklar som utdjupar tema som er overflatisk (eller ikkje) dekt i lærebøkene.

Fordi dette er eit 1000-emne, har det ikkje vore seminarundervisning.

Emnet har vore relativt populært både blant programstudentar og enkeltemnestudentar, og det er mitt inntrykk at det fungerer godt. Fordi emnet er ope for alle, er forkunnskapane veldig ulike, og studentane kjenner ikkje kvarandre frå før. Det gjer det utfordrande å engasjere studentane i forelesingane, og dette har vorte enda verre under pandemien, trass i at vi (heldigvis) har hatt fysisk undervisning. Frammøtet er også lågare enn før, truleg fordi det blir gjort opptak som studentane kan sjå når det passar dei.

**Oppsummering av student-evaluering:**

Begge emnekontaktane var godt fornøgde og meinte at emnet fungerer godt som eit innføringsemne. Eg bad spesielt om tilbakemelding på pensum og på detaljeringsnivået på forelesingane. Emnekontaktene meinte at forelesingane var relevante, godt strukturerte og følgde pensum greitt, men at det kanskje var litt mykje informasjon på enkelte slides. Det verkar som begge lærebøkene fungerer godt. Kontaktane tykte artiklane var interessante, men i enkelte tilfelle litt vanskelege. Tilbakemeldinga her var at forelesningane i varierande grad kompenserte for vanskeleg pensum. Dette prøver eg å rette opp neste gong.

**Forslag til forbetringar:**

Det er etter mi vurdering ikkje behov for å gjera store endringar i kurset, men eg vil som vanleg revidere pensum for å halde det mest mogleg oppdatert. Det er særleg pensum om Brexit/TCA det er behov for å gjera noko med. I fjor var problemet at handelsavtalen mellom Storbritannia og EU (TCA) var såpass ny at det rett og slett var vanskeleg å finne noko som kunne brukast innan fristen for levering av pensumlister. Det er behov for å byte ut både desse og eit par av artiklane om utviding. Eg prøver å finne meir eigna alternativ neste gong.

Eg vurderer også å ta inn noko om korleis EU handterer «democratic backsliding» i medlemsland (Ungarn/Polen), men her er eigna pensum igjen eit potensielt problem.